



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Eyvin Søltnæs
Telefon: 57643135
E-post: fmsfes@fylkesmannen.no

Vår dato
24.09.2013
Dykkar dato

Vår referanse
2013/2288 - 561
Dykkar referanse
200900056-

Noregs vassdrags- og energidirektorat

nve@nve.no

Tilleggsfråsegn til søknad om søknad om å få byggje Brattejølet kraftverk, Hornindal kommune

Vi viser til fråsegna vår av 2.8.2013 og til synfaringa 17.9.2013. På bakgrunn av synfaringa ønskjer Fylkesmannen å kome med nokre tilleggsmerknader.

Det vart frå grunneigarane stilt spørsmål ved verdien av elva som nasjonalt laksevassdrag, då det er vanskeleg å sjå at Brattejølet er gyteplass med den store vassføringa det er i hølen. Grunneigarane er difor usamde i at elva har potensial som lakseelv. Det kom også fram på synfaringa at hølen under fossen i Brattejølet er ein god fiskeplass etter aure.

Statusen som nasjonalt laksevassdrag gjeld heile vassdraget med sideelvar opp til vandringshinder for anadrom fisk. I fråsegna vår kommenterte vi at Storelva kan ha eit unytta potensial for lakseproduksjon som kan realiserast om innsiget av laks aukar. Dette viser mellom anna fangst av oppdrettslaks opp mot Brattejølet. Vidare er Storelva eit viktig rekrutteringsområde for sjøaure og storaure i Hornindalsvassdraget. Dette potensialet for lakseproduksjon og den dokumenterte verdien for sjøaure og storaure er det viktig å ta vare på dersom det vert opna for kraftutbygging i Brattejølet. Vi vil streke under at storaurebestandar også har nasjonal verdi og skal tilleggjast stor vekt i utbyggingssaker. Når det gjeld verdien av hølen under fossen har vi vurdert at denne kan ha potensial for gyting i utlaupet av hølen, men vi kjenner ikkje til at elvebotnen er undersøkt her. Dersom elvebotnen berre består av fjell vil ikkje området ved denne hølen vere eigna som gyteplass. Er det derimot grus og stein av egna storleik kan hølen vere eit viktig gyteområde for både laks og aure. Ved å flytte avlaupet frå kraftverket til den øvste delen av hølen vil ulempene for fisk omtalt ovanfor truleg kunne avgrensast.

Fylkesmannen vil nytte høvet til peike på at det sentrale ved ei eventuell bygging av Brattejølet kraftverk, er at ei utbygging vil fjerne mykje vatn i eit vassdrag som er verna mot kraftutbygging, slik Hornindalsvassdraget vart gjennom verneplan I i 1973. Frå før er 24 % av middelvassføringa nytta til kraftproduksjon. Det kan difor ikkje fjernast ytterlegare mykje vatn i vassdraget over kortare eller lengre strekning før det bryt med sjølve grunnlaget for vernet mot kraftutbygging i vassdraget, der vassmengd og variasjon i vassføring står sentralt. Dette er hovudgrunnen til at Fylkesmannen rådde frå alle alternativa (maks slukevne 7,0 m³, 5,0 m³ og 2,5 m³, med minstevassføring 2,34 m³ om sommaren og 0,3 m³ om vinteren for alle alternativa). Middelvassføringa ved planlagt inntak er 4,76 m³, medan opphavleg middelvassføring var 6,26 m³ (dvs. 1,5 m³ større enn i dag). Det inneber at med dei to største alternativa vert i alt (dvs. inkludert tidlegare utbygging) meir enn 100 % av opphavleg middelvassføring fjerna, og høvesvis 178 % og 136 % av dagens middelvassføring. Det minste alternativet vil innebere at i alt meir enn 60 % av opphavleg middelvassføring (84 % av middelvassføringa i dag) vert fjerna. For alle alternativa vil samla periode med større vassføring enn største slukevne pluss minstevassføring vere under halve

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

året i eit år med middels nedbør (51 dagar for største alternativ, 81 dagar middels alternativ og 154 dagar for minste alternativ).

NVE må vurdere kor mykje vatn som kan fjernast i ein av dei mest markante fossane i Hornindalsvassdraget gjennom kraftutbygging utan at dette kjem i konflikt med vassdragsvernet. Frårådinga vår for alle alternativa står ved lag sidan utbygginga gjeld eit verna vassdrag, sjølv om konflikten er størst ved det to største alternativa.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernssjef

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Miljødirektoratet
Hornindal kommune